



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

KOMMUNE	
11 / 4878	10 / 1180 -11
20.06.20	
KFL	
L12	582/92, 79/1

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta B. Espelund - 55516432

Vår referanse:
2011/014153-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.06.2011

Uttale - Radøy kommune. Melding om oppstart av planarbeid for området Storheim til Austmarka.

Viser til e-post frå Radøy kommune 28. april 2011: *Melding om oppstart av planarbeid: Reguleringsplan for området Storheim – Austmarka i Radøy kommune.*

Føremålet med planarbeidet er å få på plass ein områdeplan i tråd med kommunedelplan for Radøy sør. Planen skal leggje til rette for ein samanhengande infrastruktur i området, mellom anna med gang- og sykkelveg langs fv 565 til Sæbø skule. Planen inkluderer fv 565 frå grensa med Lindås kommune til Austmarka, det vil seie om lag 4 km. Vi gjer merksam på at vegen vart omklassifisert 1. januar 2010, og har i dag status som fylkesveg.

Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging, NA-rundskriv T-5/93, bør leggjast til grunn i planarbeidet. Målet i retningslinjene er at *“Arealbruk og transportsystem skal utvikles slik at de fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, med miljømessig gode løsninger, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Det skal legges til grunn et langsiktig, bærekraftig perspektiv i planleggingen. Det skal legges vekt på å oppnå gode regionale helhetsløsninger på tvers av kommunegrensene.”*

I kommunedelplan for Radøy sør ligg det store utbyggingsområde langs fylkesvegen, og det er difor svært viktig å fokusere på å skape trygge lokalsamfunn med god trafikktryggleik. Fv 565 har ein viktig transportfunksjon, og det kan vere ei utfordring å ivareta interessene knytt til dette og samtidig ta omsyn til lokalsamfunnet sine behov. Det må i planprosessen arbeidast mot å leggje til rette for løysingar som best mogeleg tar omsyn til både lokalsamfunnet og vegen sin transportfunksjon.

Rammeplan for avkjørsler

I rammeplan for avkjørsler har fv 565 svært streng haldningsklasse mellom Storheim og krysset til Sæbø, og streng haldningsklasse mellom krysset til Sæbø og Austmarka. Ved svært

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Reanskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50

streng haldningsklasse skal vegane i prinsippet vere fri for avkjørsler, og ved streng haldningsklasse må talet på avkjørsler vere svært avgrensa.

Vi rår til at det i planarbeidet vert sett på mogelegheitene til å samordne avkjørsler, spesielt lengst sør i området.

Håndbok 017

Vi vil presisere at veg, gang- og sykkelveg og busslommer skal dimensjonerast i samsvar med håndbok 017. Plassering av busslommer bør vurderast, gjerne i samarbeid med Skyss.

Utover ovannemnde har ikkje Statens vegvesen vesentlege merknader til meldinga om oppstart. Vi stiller gjerne på møte eller synfaring for å diskutere ulike løysingar. Når det ligg føre eit konkret planforslag og planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi på vanleg måte uttale oss.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta B. Espelund
Anne Marta B. Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

RADØY KOMMUNE

**Rådmannen
Tlf
Fax**

Elektronisk post

Til: Rådmannen
Fra: Fylkesmannen i Hordaland, ,

Vår ref.: 10/1180-8

Arkiv: 11/4813//

Dato:15.06.2011

Til uttale - oppstart - Radøy - Storheim - Austmarka - utbygging - Reguleringsplan

Forenkla tilbakemelding på melding om oppstart av planarbeid

Dykkar ref: ()

Vår ref: (11/5735)

Vi viser til dykkar brev med melding om oppstart av planarbeid.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

På denne bakgrunnen har ikkje Fylkesmannen andre merknader enn dei som går fram av Fylkesmannen si temaside om planlegging www.fmho.no/planlegging <<http://www.fmho.no/planlegging>>. Vi viser særleg til delane om "Oppstart" og "Detaljeringsnivå i reguleringsplanar". Vi ventar at desse signala vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Dersom planarbeidet ved offentleg ettersyn viser seg å vere i strid med føringane nemnt over, vil Fylkesmannen vurdere å fremje motsegn mot planframlegget.

Vi ønskjer lykke til med planarbeidet.

Med helsing


Marit G Røttingen

rådgevar, plan og beredskapsseksjonen, kommunal og samfunnsplanavdelinga,
Fylkesmannen i Hordaland

Tlf 5557 2377, e-post: fmhomgr@fylkesmannen.no <<mailto:fmhomgr@fylkesmannen.no>>



Radøy kommune
Radøyv. 1690
5936 MANGER



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201105932-4/714/KJECHR

Dykkar ref.:

Bergen, 21. juni 2011

Fråsegn til oppstart av områdeplan for Storheim - Austmarka, Radøy kommune

Vi viser til brev om oppstart av arbeid med områderegeringsplan for Storheim - Austmarka. Hovudføremålet med reguleringa er byggeområde. Føremålet er i samsvar med kommunedelplan for Radøy Sør der området er sett av til byggeområde.

Innspel

I denne fråsegna gir vi innspel til reguleringsarbeidet ut i frå regionale interesser.

Areal- og naturressursar

Planområdet som vert omfatta av dette planarbeidet er stort i utstrekning og omfattar den austlege delen av kommunedelplan for Radøy sør. I området skal det leggast til rette for bustadbygging i fleire felt, samt samanhengande infrastruktur.

Hordaland fylkeskommune vil oppfordre Radøy kommune om å legge vekt på samanhengande grønstrukturar, barn- og unge sine interesser, landskap og gode gangsamband i dette planarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eit av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Hordaland fylkeskommune kan mellom anna reisa motsegn mot planar som er i konflikt med viktige kulturminneinteresser.

Det er kjend funn av automatisk freda kulturminne innafor planområdet. I Furevika på gnr 82, bnr 3, 71 og 93 er det tidlegare påvist ei buplass frå yngre steinalder (Askeladden Id. 90680). Delar av planområdet har ytterlegare potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, og det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9.

Vi har ikkje heimel til å krevje registrering før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det er føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikhtar med automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi vil og minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader etter at planen er lagt ut til offentleg høyring, jf. kulturminnelova § 9. Eit kostnadsoverslag vil verte utarbeidd og sendt i eget brev.

I høve marine kulturminne vil Bergens Sjøfartsmuseum vurdere planen og gje eit fråsegn om det er naudsynt med registreringar i sjø.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at det særleg blir lagt vekt på fylgjande moment i planarbeidet: Samanhengande grønstrukturar, barn- og unge sine interesser, landskap og gode gangsamband.


Undersøkingssplikta etter kulturminnelova bør oppfyllest før det vert lagt fram eit høyringsforslag. Vi ber om at det vert teke kontakt med Øystein Skår ved Kultur- og idrettsavdelinga , Seksjon for kulturminne og museum for nærare avtale om dette.

For utfyllande informasjon og planfaglage råd viser vi til Internett sida www.hordaland.no/kommunedora/planretteiing.

Vi deltek elles gjerne i samarbeid om planlegginga.



Liv Sundheim
Konst. Plansjef



Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Sakshandsamarar:

Namn, avdeling, seksjon

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga ved plankoordinator Postboks 7310, 5020 BERGEN
Statens Vegvesen, Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger

Eirik Solberg

Hopsdalsveien 75 A

5915 HJELMÅS

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 MANGER

17. mars 2013 KOMMUNE

JOURNALPOSTNR.	ARKIVSAKSNR.
13/2876	10/1180-22
SAKSHANDS.	KOPI TIL
KFL	20 MAR 2013
KLASSERING	KLASSERING
P 112	S 82/92

Ref plan id: 12602011000200

I forbindelse med pågående ny reguleringsplan i området Storheim, vil jeg be om at det tas med omregulering av tomtene: 82/36 og 82/38, fra LNF til regulert tomt med sprett bebyggelse, da disse tomtene allerede ligger i et bebygd område.

Jeg vil også be om at det tas hensyn til eventuell avkjørsel til tomtene ved omlegging av veien. I forbindelse med eventuell omlegging av veien ønsker jeg å bli underrettet om planer som direkte påvirker en eller begge tomtene.

Mvh



Eirik Solberg

Til
Radøy Kommune
5936 Manger

RADØY KOMMUNE	
11/4787	10/1180 -7
KFL	1 ^e 06 2011
L12	82/92, 79//

Frå Rune Tjore og Bjørg Skarbø, eigarar av gnr. 80 brnr 1

Tjore 12.6.2011

Innspel i samband med oppstart for områdeplan Storheim – Austmarka

I kommunedelplan for Radøy sør er skravert v område i planområdet definert som LNF område.
(Vedlegg)

I tidlegare utkast til planar har ulike deler av området vore lagt ut som framtidig bustadområde.

I den siste kommunedelplanen vart området fjerna etter innspel om at det var for store område som var lagt ut i høve til bustadbygging i høve til forventa folkeauke. (informasjon frå Radøy Kommune)

I samband med planlegging av infrastruktur i planområdet ber vi om at dette vert gjort på ein slik at ein ikkje blokkerer for ei framtidig utbygging av dette området.

Ei utbygging i området vil sjølvstøtt verta gjort slik at interessene til Tjorehagen vert ivareteke på ein god måte.

Grunneigarane har heile tida vore positive til utvikling av Tjorehagen, og det er grunn til å minna om at Radøy Kommune vederlagsfritt har fått eit stort område som parkering for Tjorehagen frå underteikna. Me ser det også som svært urimeleg at arealet til ein av grunneigarane, i eit elles samanhengane bustadområde frå Austmarka til Storheimstø på oppsida av vegen, er "plukka ut" til LNF område i kommunedelplanen.

Imøteser gjerne eit svar på innspelet.

For grunneigaren av Gnr 80.1

Med helsing

Bjørg Skarbø

Rune Tjore

Vedlegg: Skisse av området

